

# Saksframlegg

Sak nr	Utval	Kode	Møtedato
082/23	Formannskapet	PS	22.11.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Hans Petter Bjånesøy		23/2247

## Forskrift om feiing, tilsyn, brannførebyggande arbeid og gebyr – høyring

### Formannskapet - 082/23

#### Handsaming:

##### Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vert samrøystes vedteke.

#### Vedtak:

Austevoll formannskap vedtek å legge forslag til «Forskrift om feiing, kontroll av feiebehov, tilsyn med fyringsanlegg og brannførebyggande arbeid, og om gebyr for feiing og tilsyn, Austevoll kommune, Vestland» ut på høyring.

#### Tilråding frå kommunedirektøren:

Austevoll formannskap vedtek å legge forslag til «Forskrift om feiing, kontroll av feiebehov, tilsyn med fyringsanlegg og brannførebyggande arbeid, og om gebyr for feiing og tilsyn, Austevoll kommune, Vestland» ut på høyring.

#### Vedlegg:

Forskrift om feiing, kontroll av feiebehov, tilsyn med fyringsanlegg og brannførebyggande arbeid, og om gebyr for feiing og tilsyn, Austevoll kommune, Vestland

17.11.2023

#### Bakgrunn for saka:

Formannskapet har mynde til å vedta å legge på høyring kommunale planar og lokale forskrifter, som ikkje gjeld ansvarsområde som er tillagt andre organ, jf. [delegeringsreglementet for Austevoll kommune](#). Forskrifta vert lagt førre kommunestyret for endeleg godkjenning når høyringsfristen har gått ut, og kommunedirektøren har vurdert om hen skal tilrå om høyringsinnspel skal innarbeida i forskrifta.

Kommunen ved brann- og redningsvesenet har ei lovbestemt plikt til å gjennomføre feiing og tilsyn med fyringsanlegg, jf. brann- og eksplosjonsvernloven [§ 11 første ledd bokstav h. § 28 andre ledd](#) i brann- og eksplosjonsvernloven gir kommunen anledning til å fastsette gebyr for tenesta gjennom lokal forskrift (avgrensa til sjølvkost).

Austevoll har ikkje lokal forskrift om feiing, kontroll av feiebehov, tilsyn med fyringsanlegg og brannførebyggande arbeid, og om gebyr for feiing og tilsyn.

Feiing og tilsyn skjer ikkje kvart år, men har kommunen praktisert fakturering to gonger per år av alle abonnentar knytt til både bustader og fritidsbustader, jamfør vedteke gebyrregulativ. Gebyret sin storleik er basert på dette.

#### Relevant lovtolking og domsavgjersle frå lagmannsretten

Lagmannsretten har stadfesta at feiegebyret kan krevjast frå ein eigar også dei åra kommunen ikkje gjennomfører feiing og/eller tilsyn hos vedkommande. Men feie- og tilsynsgebyra kan ikkje nytast til å finansiere andre delar av kommuneforvaltninga.

Likevel fekk ein hytteigar medhald i å sleppe å betale feiegebyr i ein dom frå Frostating lagmannsrett. Det vart grunngjeve med at kommunen, i lokale gebyrforskrift, hadde avgrensa sin eigen tilgang til å krevje gebyr.

Avgjersla var altså grunngjeve i tolking av føresegna i den lokale forskrifta. Det er dermed ordlyden i den lokale forskrifta som gjorde at hytteeigaren fekk medhald.

### **Konsekvensar**

Økonomi: Kommunen får krevje inn gebyr til å dekke naudsynte kostnader knytt til utøving av tenesta.

Beredskap: Feiing og tilsyn vert gjort for å unngå brann som eit førebyggjande tiltak.

Miljø: Ingen konsekvensar.

Barn og unge: Ingen konsekvensar.

Folkehelse: Ingen konsekvensar.

Likestilling: Ingen konsekvens

Samfunnsdelen: Ingen konsekvens